

Dato: 21.06.2017

Arkiv: 033

## Kontrollutvalet i Ørsta

### SAK 34/17 OFFENTLEGHEIT I KOMMUNAL SEKTOR

#### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ser offentlegheit i kommunal sektor som eit svært viktig område kommune må ha kontinuerlig fokus på.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om ei tilbakemelding på spørsmåla stilt i saka under punkta arkiv, dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit, innan **30.08.2017**.

#### Saksopplysning

Det følgjer av Grunnlova sin paragraf 100 at alle som hovedregel har rett til innsyn i forvaltninga sine saksdokument og rett til å oververe møter i folkevalde organ.

I Grunnlova sin paragraf 100 fjerde til sjette ledd står det:

«Forhåndssensur og andre forebyggende forholdsregler kan ikke benyttes med mindre det er nødvendig for å beskytte barn og unge mot skadelig påvirkning fra levende bilder. Brevsensur kan ikke settes i verk utenfor anstalter.

Enhver har rett til innsyn i statens og kommunenes dokumenter og til å følge forhandlingene i rettsmøter og folkevalgte organer. Det kan i lov fastsettes begrensninger i denne rett ut fra hensyn til personvern og av andre tungtveiende grunner.

Det påligger statens myndigheter å legge forholdene til rette for en åpen og opplyst offentlig samtale.»

Dette er nærmare regulert i lovgivninga.

Mellom anna viser ein til formålsparagrafen i Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova), der det heiter: «Formålet med lova er å leggje til rette for at offentlig verksemd er open og gjennomiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentlig informasjon.»

Møteoffentligheit er viktig for ållmenta sitt innsyn i forvaltninga.

Bestemmelsar som regulerer spørsmål om møteoffentligheit finn ein i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) sin §31.

Vidare står det i Lov om arkiv (arkivlova) at formålet med denne er «...å tryggja arkiv som har monaleg kulturelt eller forskningsmessig verdi eller som inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, slik at desse kan verta tekne vare på og gjorde tilgjengelege for ettertida.»

Innanfor offentlegheit i kommunal sektor er det nokre problemstillingar i høve arkiv, dokumentoffentlegheit og møteoffentlegheit som ein møter att i fleire saker og som er ein gjengangar i fleire kommunar.

Dette reiser spørsmål som ein ser kan vere aktuelle for kontrollutvalet å stille til kommunen:

- **Arkiv:**

1. Har kommunen ein ajourført arkivplan ihht arkivforskrifta?
2. Har kommunen lett tilgjengeleg rutineskildring for journalføring og arkivering?
3. Har kommunen tydelege og fullstendige retningslinjer og rutiner for registrering av organinterne dokument?
4. Har kommunen rutiner for korleis inngåande og utgåande dokument til/frå sakshandsamar skal registrerast i kommunen?

- **Dokumentoffentlegheit**

1. Har kommunen skriftlege rutiner for skjerming av informasjon i postlista?
2. Har kommunen skriftlege rutiner for å vurdere informasjon etter prinsippet om meirinnsyn?
3. Har kommunen skriftlege rutiner for handsaming av krav om innsyn?

- **Møteoffentlegheit**

1. Har kommunen system og rutiner som sikrar kunngjering av politiske møter på ein føremålstenleg måte?
2. Har kommunen skriftlege prosedyrer for lukking av møter i folkevalde organ?
3. Har dei folkevalde motteke tilstrekkeleg opplæring om teieplikt og lukka/opne møter?



Jostein Støylen  
Dagleg leiar



Sigrid Aa. Torbjørnson  
Konsulent